

KOMMISJONSVEDTAK**av 20. juli 1998****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av felleksskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner(*)***[meldt under nummeret K(1998) 2102]*

(98/483/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLEKSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske felleksskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en felleksskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

I medhald av artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av felleksskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.

I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.

Kommisjonen har ved vedtak 93/431/EØF⁽²⁾ fastsett miljøkriterium for tildeling av felleksskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner som etter artikkel 3 i vedtaket galdt inntil 30. juni 1996.

For at produsentar og importørar av oppvaskmaskiner skal kunne ta del i felleksskapsordninga for tildeling av miljømerke, bør det gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit nytt tidsrom på tre år rekna frå det tidspunktet då dei førre kriteria slutta å gjelde.

Dei kriteria som vart fastsette ved vedtak 93/431/EØF, bør reviderast, slik at prøvemetodane for og klassifiseringa av energiforbruk og vaske- og tørkeevne kan uttrykkjast på ein måte som er i samsvar med kommisjonsdirektiv 97/17/EF⁽³⁾ om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF⁽⁴⁾ med omsyn

til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner, og slik at krava til forbruk av energi og vatn kan tilpassast teknologiske nyvinningar og marknadsutviklinga.

I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «oppvaskmaskiner» (heretter kalla «produktgruppa») omfattar

- nettdrivne hushaldsoppvaskmaskiner som vert selde til ålmenta. Produktgruppa omfattar ikkje apparat som òg kan drivast med andre energikjelder, t.d. batteri, eller som ikkje har ei innebygd varmekjelde.

Artikkel 2

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, og dugleiken hennar skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er oppførde i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde i eit tidsrom på tre år frå den første dagen i månaden etter den månaden då kriteria vert vedtekne.

(*) Denne felleksskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 216 av 4.8.1998, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 21/1999 av 26. februar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til *De Europeiske Felleksskaps Tidende*.

⁽¹⁾ TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 198 av 7.8.1993, s. 38.

⁽³⁾ TEF L 118 av 7.5.1997, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 297 av 13.10.1992, s. 16.

Artikkel 4

For administrative foremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «002».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 20. juli 1998.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

*VEDLEGG***MÅLSETJING**

For at oppvaskmaskiner skal kunne tildelast miljømerket, må dei stette kriteria i dette vedlegget, som skal fremje

- reduserte miljøskadar eller redusert miljørisiko som følge av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- reduserte miljøskadar som følge av bruk av naturressursar ved at vassforbruket vert lågare,
- redusert vassureining ved at forbruket av oppvaskmiddel vert lågare.

Kriteria skal òg fremje best mogleg bruk og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet.

Dessutan skal attvinning av maskinene fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

HOVUDKRITERIUM**1. Spare energi**

Oppvaskmaskiner med ein kapasitet på minst ti kuvertar må ha ein energieffektivitetsindeks på under 0,76, slik det er definert i vedlegg IV til kommisjonsdirektiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvemethoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Apparatet stettar då krava til energieffektivitetsklasse A eller B, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

Oppvaskmaskiner med ein kapasitet på under ti kuvertar må ha ein energieffektivitetsindeks på under 0,88, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvemethoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Apparatet stettar då krava til energieffektivitetsklasse A, B eller C, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

2. Spare vatn

Vassforbruket til oppvaskmaskina (uttrykt som $W_{(m\grave{a}lt)}$) skal vere lågare enn eller lik den terskelverdien som er definert ved følgjande likning:

$$W_{(m\grave{a}lt)} \leq 0,6 s + 11,2$$

der

$W_{(m\grave{a}lt)}$ = det målte vassforbruket til oppvaskmaskina, uttrykt i liter per oppvask og med éin desimal, og

s = talet på standardkuvertar som oppvaskmaskina er meint for.

Vassforbruket skal målast ved bruk av den same EN 50242-prøvemethoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

3. Lågare forbruk av oppvaskmiddel

Apparatet skal ha tydeleg volummerking i doseringskoppen for oppvaskmiddel, slik at brukaren kan tilpasse oppvaskmiddelmengda etter oppvasktype og oppvaskmengd, og etter kor skiten oppvasken er (sjå òg kriterium 5 nr. 1 bokstav g).

KRITERIUM FOR BEST MOGLEG BRUK

4. Apparatutforming

1. Apparatet skal gjere det mogleg for brukaren å velje eit program for vask av ei normalmengd der det vert nytta oppvaskmiddel som verkar best ved temperaturar under 65 °C, dvs. ved 55 °C eller 50 °C.
2. Apparatet skal ha merking som tydeleg syner korleis dei tilgjengelege programma bør innstillast (t.d. normalprogram, låg temperatur, halvfull maskin, lite skiten og svært skiten oppvask osv.).
3. Apparatet skal eventuelt vere utstyrt med ein indikator for etterfylling av salt som gjer det mogleg å tilpasse saltmengda etter kor hardt vatnet er.

5. Bruksrettleiing

Apparatet skal seljast med ei bruksrettleiing som gjev råd om miljøvenleg bruk, særleg:

1. Tilrådingar om best mogleg bruk av apparatet med omsyn til energiforbruk, vassforbruk og tilsetjingsstoff (oppvaskmiddel, salt osv.), medrekna:
 - a) retningslinjer for rett installasjon av oppvaskmaskina, og dersom maskina kan fyllast med varmt vatn, råd med omsyn til den energikjelda som er best å nytte til oppvarming av vatn til hushaldsbruk,
 - b) råd om eventuelt å tilpasse saltmengda etter kor hardt vatnet er,
 - c) råd om å nytte den fulle kapasiteten til apparatet når det er mogleg,
 - d) råd om ikkje å skylje oppvasken før han vert sett inn i oppvaskmaskina,
 - e) råd om best mogleg bruk av eit eventuelt separat skyljeprogram,
 - f) råd om at det finst oppvaskmiddel som verkar best ved temperaturar under 65 °C og gjer det mogleg å spare energi,
 - g) råd om å tilpasse oppvaskmiddelmengda etter oppvasktype og -mengd, og etter kor skiten oppvasken er (t.d. at det trengst mindre oppvaskmiddel til halvfull maskin). Det skal òg visast til merkinga i doseringskoppen,
 - h) opplysningar om energi- og vassforbruket til oppvaskmaskina ved bruk av dei ulike programma, slik at brukaren kan velje eit høveleg program som krev minst mogleg forbruk av energi og vatn,
 - i) råd om at oppvaskmaskina bør slåast av når programmet er ferdig, for å unngå eventuelt tap av energi i kvilestilling. Bruksrettleiinga skal opplyse om tida som går med ved bruk av dei tilgjengelege programma,

- j) opplysningar om vaske- og tørkeevna til oppvaskmaskina, med tilvising til etiketten for energiforbruksklasse,
 - k) råd om høveleg vedlikehald av oppvaskmaskina, medrekna jamleg reinsing av filter og fjerning av avleiringar,
 - l) opplysningar om at dersom dei førnemnde tilrådingane ikkje vert følgde, kan det føre til høgare forbruk av energi, vatn og/eller oppvaskmiddel, noko som igjen kan auke driftskostnadene og gje dårlegare resultat.
- 2. Opplysningar om kva delar av og materiale i oppvaskmaskina som kan nyttast om att og/eller attvinnast.
 - 3. Råd til forbrukaren om å gjere seg kjend med og nytte seg av dei gjeldande ordningane for avfallshandtering når oppvaskmaskina skal kasserast.

6. **Attvinning**

Plastdelar på over 50 g må ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med ISO-standard 1043.

Dette kriteriet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale.

KRITERIUM FOR YTEEVNE

7. **Vaskeevne**

Oppvaskmaskina må ha ein vaskeevneindeks på over 0,88, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvemethoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Oppvaskmaskina stettar då krava til vaskeevneklasse A, B eller C, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

8. **Tørkeevne**

Oppvaskmaskina må ha ein tørkeevneindeks på over 0,78, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvemethoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Oppvaskmaskina stettar då krava til tørkeevneklasse A, B eller C, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

9. **Støy**

Luftstøyen frå apparatet, rekna som lydeffekt, skal vere høgst 55 dB(A) for frittstående modellar og 51 dB (A) for innbygde modellar.

Støynivået skal målast i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF⁽¹⁾ etter dei standardane som er fastsette i standarden EN 50242.

10. **Opplysningar om støy**

Opplysningar om støynivået for maskina skal gjevast på ein slik måte at dei er godt synlege for forbrukaren. Dette skal gjerast ved å ta med opplysningane på energiforbruksetiketten for oppvaskmaskiner.

⁽¹⁾ TEF L 344 av 6.12.1986, s. 24.

Opplysningane om støy skal gjevast i samsvar med rådsdirektiv 86/594/EØF etter dei standardane som er fastsette i standarden EN 50242.

PRØVING

11. Prøvingslaboratorium

Søkjaren skal dekkje utgiftene til prøvinga, som skal gjerast ved laboratorium som stettar dei allmenne krava i standardane EN 45001, og som har røynsle med prøving av oppvaskmaskiner.

OPPLYSNINGAR TIL FORBRUKAREN

Teksta nedanfor skal vere påførd slik at ho er godt synleg for forbrukarane (ved sida av etiketten dersom det er mogleg):

- **Dette produktet stettar krava til tildeling av fellesskapsmiljømerket på grunn av det reduserte energi- og vassforbruket.**
 - **Bruksretteiinga inneheld fleire opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast minst mogleg.**
-